

Erik B. Solem

Eg er ein VG3-elev frå Oslo og har nynorsk som sidemål, men vel nokre gonger å skriva på nynorsk fordi ein god del av Oslo-målet (kløyvd infinitiv, i-supinum og a-endingar utan at folk gjev meg kjeft) finst i nynorsken, akkurat som Vegard Storsul Opdahl skriv i høyringssvaret sitt. Skilnaden er at sidan eg ikkje har gjengi heilt over, tillèt eg meg å skriva «gjeng» og «fær», men i denne e-posten òg i-mål fordi det kan vera siste høvet eg har. Elles skriv eg stort sett i samsvar med dialekta mi, men no utan -er i sterke verb. Eg veit at eit av hovudmåli dykkar er å strama inn, men klypp av daude og dålige kvister - hogg ikkje i stomnen på nynorsktreet. Eg vil minna om at bokmålet vart strama inn i 2005, men framleis har valfritt -a/-et, -a/-en og -a/-ene. De gjør dessutan undantak når de tillèt valfri J i ei stor mengd ord no.

1) Har de sett på supinumsformene til verbi å liggja og å sitja? Eg ser at former som liggji, sitti, logge og sotte, serlig dei fyrste, fær fleire tilslag enn lege/legi og sete/seti på Google. Framgangsmåten min var å søkja etter «har (supinumsform)» i hermeteikn og valde å søkja i sidor frå Noreg. Dei gamle, norrøne formene verit, setit og legit har vorti vOri, sEti og lEgi i nynorsk skriftsspråk, men eg høyrer òg dei to siste med O i dialektene (takk for at dialekt vert hokjønn, forresten). Det eg òg ser, er at «liggi» og «sitti» ikkje berre slær dei andre unormerte formene, men òg dei offisielle formene «legi»/«lege» og «seti»/«sete». Formene «ligge» og «sitte» stend òg sterkt. Eg trur med andre ord at de med fordel kunne teki inn nokre nye former eller skifta ut dei gamle her. Sjølv gjeng eg for «liggi» og «sitti».

2) Eg vil atter ein gong spørja om de kan taka inn «hev» attåt «har». Mange andre verb har valfri omljod (tar/tek, drar/dreg) og «hev» stend sterkt (helst som «he»). Indre Trøndelag har «hi», Vestlandet og midlandsmåli har «hev» og nokre stader i Setesdalen har dei visst «heve».

3) Kan de gjeva «open» same bøying som «liten»? Ordet «opa» fær mange tilslag på nettet. Høgnorsknettstaden Mållekken har så klart -i i adjektivi («lagord» som dei kallar dem [sic]), men det stend òg at i hokjønnsformi «kann ein au skriva -a» (<http://www.ivaraasen.no/wiki/index.php?title=Lagord>). Hadde det vori mogelig å opna for ei hokjønnsform på -a i alle -en-ord dersom -i skal ut?

4) Kan de gjeva i-målet ein siste sjanse og taka det ut om til dømes tretti år dersom det enno stend svakt? I høyringssvaret til Bjørn Sandvik Søltnæs ser eg at dei ikkje eingong i Sogn lærte at det er greitt å skriva i-mål. Sjølv opplever eg det same i Oslo. Eg har hatt nynorsk som sidemål i nesten seks år og ingen av norsk lærarane mine har fortalt meg om i-målet og -or/-one. Eg måtte til og med «kjempa» mot fleire av lærarane før dei gav seg og lét meg skriva -i og -or utan raude strek. Som hovudform attåt a-målet, kan i-målet få prøvd seg utan å verta merkt som «ut» med ein gong.

5) Kløyvd infinitiv gjev ikkje fleire former. Kan de ikkje gjøra det slik at ein framleis har valet mellom infinitiv på -a og -e, men at ein ikkje må vera konsekvent? Eg har «eta», «laga» og nokre få andre på -a, men dei fleste andre på -e. Likevel vert «vere» og «ete» framand for meg, så på grunn av konsekvenskravet, må eg over på a-infinitiv. Det går stort sett greitt for meg, men fleire andre vil ikkje over på -a.

6) I-supinumen vil eg koma med påstand om at er hovudteiknet (saman med kløyvd infinitiv) på at nynorsk òg høyrer heime på Austlandet. Det finst òg nokre dialekter med veksling mellom -i og -e (biti/fare meiner eg var eit døme). I staden for å taka ut i-supinumen, kan de ikkje gjøra om på nokre av i-formene? Eg ser for meg at det framleis heiter «biti» eller «bite», men «finni» eller «funne» og «liggi» eller «lege» (eller «loge»?). Dette er ikkje meir gali enn at ein på bokmål kan skriva «boka», men «tiden». Eg liker a-infinitiv godt nok til at eg kan greia meg utan kløyvd, men om i-supinum daudar, vert det nok ikkje så mykje meir nynorsk på meg.

7) Kvifor skal -lig ut når det er så mykje talemålsgrunnlag for denne formi, både i aust og i vest?

8) Kan ikkje «skole» standa? Formi «skole» er eldre, islendingane seier jo skóli. Både «høg» og «skole» er samform med bokmålet, så vi kjem unna med éi form overalt.

9) Lèt og lét. Dette er fælt og eg veit aldri kva som er rett. Eg reknar meg som ganske god i nynorsk, men må slå opp desse kvar einaste gong. Kan de ikkje velja uttaleformene «læt» og «let» i staden? Bøyingi «fær» - «fekk» har dessutan same vokalskifte. Det same gjeld «slær» i notid.

10) Lat fleire omljodsformer vera. Former som «gjeng», «stend», «slær» og «fær» finst mange stader i heile landet. På hytta mi på Fosen i Trøndelag spurde éin nabo (eigentlich frå Telemark) om kor mange gradar omnen «stænd» på og ein annan nabo sa at han «sler» broren sin i spel. Båe seier òg «tri», ikkje «tre» (talordet), og dei er langt ifrå gamle. Eine dama på TV 2 Nyhetskanalen talar vestlandsk og seier «fe»/«fæ» («fær») - heller ikkje ho ser serlig gamal ut. Formene lever enno.

Elles har de gjort eit mykje godt arbeid med å skjera ned, det skal de hava.

To siste punkt:

1) Vil det vera a- eller e-infinitiv i ordbøkene no?

2) I kva høve må eg fylgja rettskrivingsnormi? Eg er no i VG3 og har ikkje tenkt til å arbeida i det offentlige slik stoda er no. Men kan eg til dømes framleis fylgja 1959-normi på universitet eller høgskoler dersom eg ikkje vert nøgd? Og kva med brev frå det offentlige?